



Audun Eik er vald inn i sogelagsstyret.

På årsmøte i Kvinnherad sogelag på Varaldsøy i dag vart Audun Eik vald fast inn i styret. Han har til no vore varamedlem.

Halvor Medhus har vore leiar i Kvinnherad sogelag dei siste 12 åra. Medhus bad om fritak og Anny Nygård Mehl vart samrøystes vald til ny leiar.

Forutan Audun Eik vart desse valde inn i styret: Dagfinn Eide, Eva M Eide og Rita Martens Meyer.

Det var stor tilstrøyming til årsmøte på Varaldsøy i dag. Mange fekk oppleve ein innhaldsrik dag med felespel og tur til det gamle gruvesamfunnet på Volaheiane 3,6 km frå utskipingskaaien i Øyarhamn. Tuftene og gruvene er skilta og godt synlege i landskapet. Mellom 300 og 400 arbeidrarar budde og hadde næringa si frå gruvedrifta.



Tuftene etter husa i gruvesamfunnet er godt synlege

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland